

FjellVAR AS
Lonavegen 20
5353 STRAUME

Vår dato: 07.03.2017
Vår ref.: 201401320-18
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

FjellVAR AS – søknad om løyve til regulering og vassuttak frå Fjæreidevassdraget i Fjell kommune, Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til søknad datert 24.2.2015.

Vedlagt oversender vi NVE sitt tidsavgrensa løyve til regulering og vassuttak frå Fjæreidevassdraget til drikkevassforsyning med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI – notat nr.: 10/2017 - *Bakgrunn for vedtak*. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld regulering og uttak av vatn til drikkevatt, og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før det vert utarbeidd tekniske planar for dam og vassveg, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og det må vere fatta vedtak. Konsekvensklassen er avgjerande for krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for vassdragsanlegg finst på www.nve.no.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse. Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt regionkontor i Førde.

Vi viser elles til NVE sin rettleiing 2 og 3 frå 2013 «*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga.*» og «*Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon*» som finst på www.nve.no. Vi framhevar at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interesser).

Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: KI-notat 10/2017 – bakgrunn for vedtak

Kopi til:

Bjørn Vindenes
Fjell kommune
Fylkesmannen i Hordaland
Geir Lodtz-Johannesen
Hordaland fylkeskommune
Sekkingstad Grunneigarlag
Sotra og Øygarden jeger- og fiskerforening
Øyvind Vindenes